
Fra: Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>
Sendt: fredag 14. desember 2018 10:04
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Laila Ådnanes
Emne: FV 57 Lindås - Mongstad, Uttale til reguleringsplan
Vedlegg: FV 57 V1.pdf; FV 57 Vedl 2.pdf; FV 57 Vedl 3.pdf; FV 57 Vedl 4.pdf

Dykkar ref: 14/7379 - 18/32754

Saksbehandlar Kristin Nielsen

Reguleringsplan FV 57, Lindås - Mongstad, uttale frå Helge Rambjør og Laila E Ådnanes, Knarvikgarden 61, 5955 Lindås.
Grunneigarar av gnr 121 bnr 5.

Viser til fleire tidlegare uttaler i denne sak frå oss / Helge Rambjør.
FV 57 går gjennom utmarka vår på gnr 121 bnr 5.

Me har følgjande 3 krav:

1. På nordsida av vegen er det teikna inn ein avkjørsel som ender på grensa til naboeigedom i sør, sjå pkt 1 på vedlagte kart, vedlegg 1. Me ber om at denne veg i staden vender nedover mot sjøen som vist på tegning, men tilpassa terrenget.
2. På sørsida av FV 57 har me alltid hatt ein landbruksavkjørsel, sjå pkt 2 i kart vedlegg 1. Denne avkjørsel vart vidareført i 1974 då dagens veg vart oppgradert, sjå luftfoto (vedlegg 2) som viser avkjørsel slik den er i dag, samt vedlegg 3 og 4. Denne avkjørsel vart oppgradert/vidareført av Statens Vegvesen I 1974. Dette er den einaste plassen det er mogeleg for oss å koma til med traktor til utmarka vår på sørsida av FV57, og det er et krav frå oss at denne avkjørsel må vidareførast.
3. Gang- og sykkelsti må byggjast slik at traktor med gyllevogn kan bruka den et par gonger i året for spreining av gylle nedover beitet mot sjøen.

Me må få positiv tilbakemelding på alle tre krav før me kan gje Statens Vegvesen eller andre tillatelse til arbeid på vår grunn.

Med helsing

Helge Rambjør og
Laila Ådnanes
Knarvikgarden 61,
5955 Lindås

Tlr 99356790